KURSRAPPORT FOR JUS 265-2-A-Planrett

Faglærers vurdering av gjennomføring

- Praktisk gjennomføring

a) strukturen på kursopplegget

I dette kurset har studentane berre tilbod om førelesingar, som vert halde i to bolkar med tre dagar (ca. tre undervisingstimar pr. dag) i kvar bolk. Kurset går parallelt med vaksenopplæringskurs i samarbeid med SEVU, som er kurs JUR 640. Det blir ikkje ytt ekstra undervisingskrefter for JUS 265-2-A.

b) førelesningene

I første førelesingbolk vert det førelese om plan- og bygningslova sine rammer og systematikk, planpross, føresegner, strandsonespørsmål og vilkår. I den siste bolken vert det førelese om gjennomføring av plan, herunder handheving av ulovleg bygging, utbyggingsavtalar, innløysing og ekspropriasjon og endeleg om tilhøvet mellom arealplanlegging og private rettar.

Førelesingane vert delt mellom dei fagansvarlege Myklebust og Schütz, og fleire eksterne føredragshaldarar. Det deltek førelesarar både frå UiO, HiB, offentleg forvaltning, kommunar og fylkeskommunar, og advokatar. Kven som føreles om dei ulike emne varierer noko frå år til år, og det visast til vedlegg for førelesingsplanen for i år. Samarbeidet mellom oss fagansvarlege og eksterne førelesarar fungerer godt, og samarbeidet har nytteverdi både i samband med den konkrete undervisinga og koordinering her, men også nyttig for forsking og nettverksbygging.

c) obligatorisk kursoppgave

Studentar i jus 265-2-A har ikkje obligatorisk oppgåve.

d) Eksamen

Eksamen er skrifteleg, og vart avvikla som planlagt.

e) studieadministrativ service, strykprosent og frafall, karakterfordeling

Studentane fekk informasjon om lokalar og tidspunkt for undervising noko seint. Dette skuldast nok noko vanskar i samspelet mellom SEVU-kurset og dette kurset, som går samstundes, men som har fråskilte nettsider/Mi Side.

Studentane på dette kurset må få informasjon som er tilpassa opplegget for JUS 265-2-A, og det ventast at det er administrasjonen som informerer om slikt som kurslokalar, tidspunkt for undervising, eksamen osb. Det ventast at dette går seg til, og at ein i år berre hadde nokre problem med oppstart her.

Det har vore svært få studentar i dette kullet, som er det første sidan oppstart av JUS 265-2-A-Planrett, og vanskeleg å seie noko om statiske tal kva gjeld strykprosent m.m.

- Studieinformasjon og dokumentasjon, tilgang til relevant litteratur

Studentane har tilgang til litteratur gjennom pensumbok og artiklar som er lagt ut gjennom Mi Side direkte, eller via linkar. Noko litteratur vart kanskje lagt på Mi Side noko seint, men studentane har hatt pensumlista i tilstrekkeleg god tid til å finne dei relevante artiklane gjennom lovdata eller rettsdata.

Faglærers vurdering av rammevilkårene

- Lokaler og undervisningsutstyr, Andre forhold

Studentane utgjer, saman med studentane på SEVU-kurset (JUR 640) ei relativt stor gruppe. Samstundes er det lagt opp til spørsmål og diskusjon undervegs og etter førelesingane. Lokala i førelesingssalen i gamle Dragefjellet er ikkje særleg eigna; studentane vert sitjande spreidt, sjåande frammover, og lyden ber ikkje godt.

Faglærers kommentar til studentevalueringen:

- Metode – gjennomføring, oppsummering, tiltak

Juridisk fakultet tilbyr parallelt med dette kurset 12 timar oppgåveløysing og oppgåvegjennomgang for SEVU-kurset (JUR 640). Studentane på JUS 265 -2-A har ytra ønskje om å delta på dette, og frå kursansvarleg sin ståstad så blir det vurdert som ønskjeleg å gi desse studentane også dette studietilbodet. Dette betyr ingen ekstra krefter på undervisingssida, men kan tilføre studentar kunnskap både om metode og planrett, og kan vere viktig for studentane med nettverksbygging mot studentane ved JUR 640.

Spørsmålet er dermed om eit slik undervisingstilbod kan la seg sameine med det undervisingstilbod for andre jusstudentar på spesialfag, og eventuelt om ein ser det som problematisk at studentar ved JUS 265-2-A får eit slikt tilbod gratis, medan studentar ved JUR 640 må betale for dette.

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Kurset fungerer etter sitt innhald godt. Studentane får innsyn i og ta del i aktuelle diskusjonar med praktikarar, gjennom førelesingane og diskusjonar her, som intensjonen var. Informasjonsflyten ut til studentane må sikrast og forbetrast til neste kurs, og val av undervisningslokaler bør drøftast. Spørsmålet om å tilby studentane oppgåveløysing og oppgåvegjennomgang bør avklarast.